

Beste laginnsats i KM nokonsinne.

27.01.2020



Sterk prestasjon av Linnea M. Ripel i helga då det vart både gull og sølv i kretsmeisterskapet i langrenn.

Han var svært så fornøgd langrennstrenaren Pål Haugland då vi kontakta han etter ei helg med kretsmeisterskap i langrenn på Voss både laurdag og søndag. Han kunne fortelja at UIL aldri hadde hatt så mange løparar som hevda seg så høgt oppe på resultatlistene i KM. Heilt til topps gjekk Linnea M. Ripel då ho vart kretsmeister i klassisk stil i J12 laurdag.



[Frøy Sæle imponerte i kretsmeisterskapet og kom heim frå Voss med to bronsemedaljar.](#)

- Vi har hatt kretsmeistrar før, men vi har aldri hatt så mange som har plassert seg så godt, fortalte trenarveteranen, og det var tydeleg at han gledde seg stort både over talentet som sikra seg KM-tittelen og over laginnsatsen.

Det var ein strålende prestasjon av Linnea Myklebust Ripel då ho gjekk sigrande ut av den tøffe klassen sin, J12, i det klassiske rennet laurdag. Ho vann etter ein jamn duell med Emma Rongve Brattebø frå Voss. Emma har også ein god del Uskedalsblod i årene. Ho er nemleg barnebarnet til Berit(f. Eik) og Jakob Rongve som no har overteke barndomsheimen til Berit på Eik.

Dei to flinke jentene har hatt mange harde duellar. Søndag var det fristil, og då var rollene bytta om. Emma vart kretsmeister medan Linnea sikra seg ein flott sølvmedalje.

Det vart meir medaljedryss på uskedelingane. Frøy Sæle(J11) hadde ei super helg og kom heim med to bronsemedaljar etter 3.plassar både laurdag og søndag. Amund Hella Berge-Soldal(G13) kom på pallen etter 3.plass i det klassiske rennet laurdag, og han var svært nær ved søndag også. Då vart han nr.4. Tvillingbroren til Frøy, Trym, kom inn til 5.plass både laurdag og søndag. I G16-klassen viste Birk Sæle flott framgang, og han innkasserte to sterke 4.plasser.



Flott innsats av Amund Hella Berge-Soldal i kretsmeisterskapet i langrenn i helga.

I tillegg til desse gjorde også dei andre løparane frå Uskedal IL ein framfrå innsats. Det same gjeld deltakarane frå Rosendal og Omvikdalen. Vi gratulerer alle med innsatsen og tar med resultata til uskedelingane.

Laurdag (klassisk stil):

2 km.

J11: 3. Frøy Sæle

7.51

G11: 5. Trym Sæle

8.24

J12: 1. Linnea Myklebust Ripel

6.28

G12: 6. William Samland Eik

6.41

3 km.

G13: 3. Amund Hella Berge-Soldal

9.39

5 km.

J15: 6. Anna Elisabeth S. Eik

16.22

G16: 4. Birk Sæle

13.35

Søndag (fristil)**2 km.**

J11: 3. Frøy Sæle

8.46

G11: 5. Trym Sæle

9.28

J12: 2. Linnea M. Ripel

7.16

G12: 7. William S. Eik

7.42

3 km.

G13: 4. Amund H. Berge-Soldal

8.55

5 km.

J15: 6. Anna Elisabeth S. Eik

16.01

G16: 4. Birk Sæle

13.38

G16: 8. Kristian Øvstebø

17.15

10 km.

Senior: 14. Tor Vidar Sæle

29.56

Foto: Pål Ingmar Haugland

Tekst og nett: Thor Inge Døssland